

Comfort
STORD
Stord Rørleggerforretning AS
Ringvegen 6
Helene,
5412 STORD
stord@comfort.as
Tlf. 53 40 90 40
BAD & FLIS

Sunnhordland

MÅNDAG 8. MARS 2004

Nr. 47 - 103. årg. - Laussal kr. 12,-

Ford
Nye og brukte bilar
Service og vedlikehold
alle merker
Sunnhordland Bil
Valdåsen, 5411 Stord
Telefon 53 40 37 90, telefax 53 40 37 91
www.sunnhordlandbil.no

Vil samarbeida om sekretariat

Innan 1. juli må kontrollutvala i kommunane få seg eit eige, uavhengig sekretariat. Stord, Fitjar, Bømlo og Kvinnherad vurderer å samarbeida om ein slik sekretariatsfunksjon. Fitjar-politikarane har foreslått å spørja SIM eller Samarbeidsrådet føre dei bestemmer seg for å setja sekretariatet ut på anbod. **Side 7**

Samarbeidsrådet sender helsebrev



Posten går seg no ein smule varm etter styremøtet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland fredag. Der drøfta dei både den økonomiske situasjonen for Helse Vest, og den manglande kommunikasjonen og informasjonen frå Helse Fonna til brukarkommunane. Styret vart samde om å senda brev både austover til helsestadsråden og sørover til

Helse Fonna-administrasjonen. Dessutan oppretta dei sitt eige helsepolitiske utval som skal staka ut den vidare kursen for å skaffa meir midlar til Helse Vest, eller rettare, for å få like mykje helsemidlar i vest som i aust. Styreleiar Agnar Aarskog (biletet), Magne Rømmetveit og Bjarne Berge er med i utvalet. **Side 6**

Fornya eigen verdsrekord



NM i Harstad samla over 200 deltakarar i helga. Fitjar-jenta Mariann Vestbøstad (biletet) gjorde reint bord og kom heim med fire gullmedaljar, to sølv og ein bronse, og ikkje minst; fornying av sin eigen verdsrekord.

Symjeeset fekk òg bestemannsprisen og ein gavesjekk på 5000 kroner. Det gikk kjempebra, seier gladjenta frå Fitjar. **Side 12**

Meir arbeid for «Subsea Viking»

Eidesvik AS på Bømlo har sikra meir arbeid for MV «Subsea Viking» ved å forlenga kontrakten dei har med Subsea 7 ut 2005, med opsjon på ytterlegare utviding. **Side 7**

Lagar dokumentar om jåttsegjarane

I mellomkrigsåra var tysnesingar og bømblingar med på å vinna verdas mest vidgjetne segletevling, Americas Cup. No blir det laga fjernsyns-dokumentar om heltane.

Tysnesingen Kjell Magnus Økland og bømblingen Arne Sørensen (t.h.) er no tilbake frå ein tur til USA der dei har intervjuva nokre av dei siste attlevande som var med på jåttfarten. **Side 20**



Doblar nattenesta

Heimebaserte tenester område Sentrum har flytta inn i nye kontor på Leirvik, og doblar samstundes tilsette på natteneste for heile kommunen. Eit team på fire personar vil no vera ute på natteneste i Stord. **Side 5**



Vêret: Etter ein strålende flott søndag, er det skyer i dag. Men, svak vind og fire til seks grader. Og det blir meldt om sol att i morgon. God måndag.

Abonnement: 53 45 00 41

Annonse: 53 45 00 20

Sentralbord/Tips: 53 45 00 00

P R&B
**Ur • Glassmester
 Rammeverksted**

- Glassarbeid
- Kreativ innramming
- Egen galleri-avdeling
- Salg av ur

BOKLEI 24 • 4517 5102 • TEL. SA 80 23 20 • FAX. SA 80 23 21

Sunnhordland

tips

Telefon: 53 45 00 00.
 E-post: redaksjonen@sunnhordland.com
 Web: sunnhordland.com

1000 kr.

Kvar måned trekker me frå bunken av tips, vinnar av ein gavesjekk på kr. 1000,-. Alle tips vert honorert med Flax-lodd.

” sitatet:

Kjærligheten er naturens psykoterapi.

Eric Berne (1910 - 70)
 Amerikansk psykiater



Fax dine annonser til 53 45 00 02 (ope døgnet rundt) • E-post: annonse@sunnhordland.com

Lagar dokumentar om jättsegclarane

I mellomkrigsåra var tysesningar og bømblingar med på å vinna verdas mest vidgjetne segletevling, Americas Cup. No blir det laga fjernsynsdokumentar om heltane.

Tysesningen Kjell Magnus Økland og bømblingen Arne Sørenes er no tilbake frå ein tur til USA der dei har intervju nokre av dei siste attlevande som var med på jättfar-ten.

– Me har fått mykje ny informasjon om jättsegclarane, og tilgang til ein heil del interessant materiale, fortel Økland. På fleire museum dei vitja, har dei fått tilgang til filmopptak frå jättane.

– Dessutan møtte me tre sentrale folk, som var med, både som mannskap og på anna vis, seier Økland.

Arbeidd lenge med Jättsegclarane

Kjell-Magnus Økland har arbeidd fleire år med å finna ut meir jättsegclarane. Bakgrunns-materialet til filmen kjem frå tre år med granskingsarbeid han har utført saman med Knut Arne Grøteide. Sommaren 2001 vart noko av dette arbeidet presentert som ei utstilling på Arbakka på Tysnes.

I tillegg har Økland skrivt fleire artiklar om jättsegclarane i lokalavisa og gjennom studier ved Det historisk-filosofiske fakultetet ved Universitetet i Bergen.

– For eit år sidan kom eg svært tilfeldig over ei internettside der nevøen til ein av dei som segla America's Cup, skreiv om onkelen sin. Frå før av visste eg om to andre attlevande jättsegclarar. Med tre levande vitne tenkte eg at her var



det potensiale for ein fjernsyns-dokumentar. Historia om jättsegclarane er vel verd å ta vare på for ettertida, fortel Kjell Magnus Økland, som er

journalist og regissør for filmen.

– Spanande prosjekt

Bømblingen Arne Sørenes blei

kontakta av Kjell Magnus Økland og spurt om han kunne tenkja seg å vera med på å laga filmen. Sørenes driv sitt eige videoproduksjonsselskap, SØR

Filmskaparane Kjell Magnus Økland og Arne Sørenes er no tilbake frå USA der dei har intervju nokre av dei siste attlevande som var med på jättfar-ten. (Foto: Karen Maria Andersson)

Videoproduksjon i Bergen. Tidlegare har han jobba for Sydvest på Stord.

– Eg syntest det var ei spennande historie. Det er kjekt å vera med på å laga noko frå der ein er oppvaksen. Historia om jättsegclarane fortel jo mykje om stillinga til den maritime kulturen i Sunnhordland. America's Cup er jo verkeleg svært, både i samtida og i dag. Det er jo verkeleg tøft at så mange var frå Sunnhordland, og spesielt Tysnes. Kvifor så mange kom herifrå er eit av dei sentrale spørsmåla me stiller i dokumentaren, fortel Sørenes, som filmar og er produsent for filmen.

Treng støtte

Filmskaparane er i dialog med NRK om visingsrett for filmen, og har avtale om å visa utdrag av filmen når meir er klart. Dei har også tenkt å laga ein internasjonal versjon på engelsk, som kan seljast til utanlandske fjernsyns-selskap. Men for tida er filmskaparane på jakt etter vidare finansiering av prosjektet som til no er støtta av Noregs Kulturråd og Tysnes kommune.

– Forebels gjer me dette på dugnad, men skal me koma vidare, er me avhengige av meir finansiell støtte, seier Kjell Magnus Økland. Difor kan han ikkje seia kortid filmen vert ferdig.

SVEIN OLAV B. LANGÅKER
 svein.olav@sunnhordland.com

– Dei hersens nordmennene

I 1851 gav dronning Victoria ein pokal til vinnaren av regattaen rundt Isle of Whight. Sidan har rike amerikanarar og britar kjempa om å vera best i segling. For 70 år sidan var mannskapet stort sett frå Tysnes og Bømlo.

I mellomkrigstida storma det som verst. Britane gjorde alt for å få tilbake det som var det mest prestisjefylte idrettstroféet i verda den gongen. Tekongen Lipton prøvde det han kunne for å vinna pokalen frå yachtklubben i New York. Men han klarte det ikkje.

– Det er desse hersens nordmennene, skal Lipton ha

rast etter å ha tapt ein gong. Amerikanarane brukte i stor grad norsk mannskap på båtane sine. Mesteparten av desse var frå Sunnhordland, og særleg frå Tysnes.

Mannskapet på dei amerikanske kappseglingsbåtane på byrjinga av 1900-talet vart omtalt som The Norwegian Steam. Båtane på 1930-talet hadde eit mannskap på

omlag 25 mann medrekna styrmenn og kaptein. Jättsegclar er nemninga som tysesningane sjølv nytta i dagleg-talen om sjøfolka som arbeidde på desse båtane. Etter å ha tent hos dei rike amerikanarane flytta mange attende til Sunnhordland og kjøpte hus for pengane dei hadde fått.

I dag har America's Cup

status som det fjerde mest ettertrakta idrettsutmerkinga i verda, etter fotball-VM, OL og Formel 1. Mange nordmenn har dermed spela heilt sentrale roller for å sikra at USA vann troféet i over 130 år på rad. Det er den lengste ubrotne sigersrekka i idrettsoga. Neste America's Cup går av stabelen i Valencia i Spania i 2007.